



Statens vegvesen

Region vest

6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3626 - 17/2907

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

31.01.2017

Dispensasjon for etablering av snuplass for buss - gbnr 70/1,2,4,5,7 Feste Nordre

Administrativt vedtak. Saknr: 045/17

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av snuplass for buss, parkeringsplass og oppstillingsplass for bosskonteinrarar.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då den var mottatt 16.11.2016. Frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato med tillegg for den tida saka har vore på høyring.

Planstatus:

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen. Det meste av arealet er sett av til parkering, litt til bustad, litt til LNF og litt til næring. Mesteparten av tiltaket kjem på areal sett av til bygg og anlegg. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med byggegrensa mot sjø, jf. dokumentet Kartlegging av funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggjegrenser mot sjø, som vart laga under arbeidet med rullering av kommuneplanen:

2.16.1 Feste

Feste er ei grend som ligg heilt vest i kommunen. Sentrum i området er Feste kai, med nærbutikk og småbåthamn. I tillegg er det ei rekke hytteområde i nærlieiken, figur 88. Strandsona i området er prega av brattkyst, men det er innslag av svabergkyst innimellom. Store delar av arealet i sjøkanten er difor vanskeleg tilgjengelege. På Sjølve Feste, framfor kaien og butikken, er byggjegrensa sett i sjøkanten, slik at næringsområdet og kaien kan utviklast vidare. Like aust for butikken er det sett av eit areal til parkering, og her er byggjegrensa sett langs vegen, slik at den tilgjengelege naustvika vert ivaretaken. Like nord

Uttale frå anna styresmakt

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Søknaden har vore på høyring hjå plan- og landbruksstyretemakter lokalt og regionalt. Det har ikkje komme merknader til dispensasjonssøknaden. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

Nabovarsel, privatrettslege forhold


Naboar er varsle, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i sak. Søkar har innleia forhandlingar om grunnerverv med eigarane av fellesareal tilhøyrande gbnr 70/1,2,4,5,7. Desse eigarane har fått nabovarsel. Tiltaket berører også dagens snuplass, gbnr 70/19, som Lindås kommune eig. Kommunen si eigedomsavdeling har fått søknaden til orientering. Det ligg ikkje føre merknader til søknaden.

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 09.11.2016.


Lenke til kommuneplanen

Plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf>


Føresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf>



Situasjonen i dag



Situasjonsplan



Dispensasjonssøknaden

er vedlagt. Her er eit utdrag:

Bakgrunnen for søknaden er at bussene i dag snur på Feste kai. Her er det trangt og det står ofte feilparkerte biler som sperrer. Dette fører til at bussen får mye rygging og mange svingbevegelser. Sjåførene har ikke full kontroll med hva som befinner seg bak bussen, noe som kan føre til farlige situasjoner, spesielt for myke trafikanter. Skyss har meldt inn behov for at det bygges ny løsning hvor bussene kan snu uten å rygge. De mener snuplassen bør være i nærheten av Feste kai, slik at passasjerer kan betjenes i dette området. Det tilrettelegges for holdeplass og hytte-/næringskonteinere kan betjenes i bussnuplassen.

Representanter fra sameiet – gbnr. 70/1,2,4,5,7 – har bedt om at det også tilrettelegges for parkeringsplasser, i forbindelse med at de skal benytte fritidsbåter m.m. Det er skissert inn antall parkeringsplasser vi får plass til. Vi har tegnet inn 5 parkeringsplasser, men tenker det også vil være plass til at noen bilder står bak de markerte plassene.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesettet. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søkeren, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er ikkje i samsvar med arealføremåla i kommuneplanen og heller ikkje med kravet om utarbeidning av reguleringsplan for areal sett av til bygg og anlegg i kommuneplanen sine føresegner pkt 1.1
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Midlane som er sett av til anlegget må nyttast i år, så det hastar med å komma i gang
- Mesteparten av tiltaket kjem på areal sett av til bygg og anlegg
- Tiltaket kjem ikkje i konflikt med byggegrensa mot sjø
- Det har ikkje komme merknader frå naboar eller frå dei som skal avgje grunn til tiltaket
- Det har ikkje komme merknader frå andre styresmakter
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrra landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket er viktig for sikring av dei mjuke trafikantane og arbeidsmiljøet til bussjåførane.

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av trafikksystemet ved Feste kai.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsinteressene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealbruken i reguleringsplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, i samsvar med situasjonsplan datert 09.11.2016 .

Privatretslege tilhøve

Det må ligga føre grunnvartalar før det vert søkt om igangsettingsløyve eller eittrinnssøknad for gjennomføring av tiltaket .

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen og krav om utarbeiding av reguleringsplan, for etablering av snuplass for buss med meir, i samsvar med søknad

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagar på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttar fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3626

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjonsløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken

på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - gbnr 70/1,2,4,5 og 7 Feste ytre

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest 6863 LEIKANGER